



# Masfjorden kommune

## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 31.03.2020  
**Møtestad:** Kommunestyresalen / Teams  
**Møtetid:** 13:15 - 16:15

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:  
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møtebok.

---

## Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

013/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste	s.
014/2020	Godkjenning av møtebok	s.
015/2020	Saldering budsjett 2020	s.
016/2020	Finansrapportering pr. 31.12.2019	s.
017/2020	Klagevurdering	s.
018/2020	Klage på vedtak 003/2020 datert 03.02.2020	s.
019/2020	Nærmiljøanlegg Stien, Kvingo- kommunal medfinansiering	s.
020/2020	Folkehelseoversikt Masfjorden 2019-2022	s.
021/2020	Reguleringsendring for Liarinden	s.
022/2020	Kommunedelplan for kulturminne i Masfjorden kommune 2019-2027	s.
023/2020	Delegerte saker	s.
001/2020	Melding om delegert vedtak - Søknad om serveringsløyve for Krittuset AS	s.
024/2020	Referatsak	s.
025/2020	Endring av reguleringsplan for Librotet	s.
026/2020	Gjeld etablering av veglysgrøft langs fylkesveg 570 på Kvinge	s.
027/2020	Avtale om framtidig kjøp av næringsareal på Matre	s.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/331

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 013/2020

#### FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/331

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Godkjenning av møtebok

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 014/2020

#### FS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-159	20/319

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
015/2020	Kommunestyret	PS	07.04.2020

## Saldering budsjett 2020

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bevilgningsoversikt drift	25.03.2020
Bevilgningsoversikt investering	25.03.2020
Økonomisk oversikt drift	25.03.2020
Investeringsprosjekt 2020	25.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett 2020 endrast i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 endrast i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

Forventa driftsunderskot i 2020 blir dekt med bruk av disposisjonsfond.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå kommunelova minimum to gongar i budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Viss utviklinga tilseier vesentlege avvik, skal rådmannen tilrå endringar i årsbudsjettet.

Heile Noreg og heile verda er i ein situasjon me ikkje hadde aning om for 1 måned sidan. Det heftar stor usikkerheit kring følgjene etter korona-pandemien, kor lenge nasjonale og lokale tiltak skal vare, dei økonomiske og psykososiale konsekvensar både under og etter at krisen er over, og korleis vil kvardagen bli etter at situasjonen normaliserer seg.

Opphавеleg budsjett 2020 (KS 077/2019) la til grunn netto driftsresultat på under 1 prosent. Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av driftsinntekter når alle løypande driftsutgifter, inklusiv renter og avdrag, er betalt. Ein kommuneøkonomi i balanse er tilrådd å ha eit netto driftsoverskot på minimum 1,75 % av driftsinntektene over tid.

På bakgrunn av reviderte prognosar for pågåande investeringsprosjekt, frie inntekter, konsesjonskraftsal, sosialstønad og ein forsiktig korreksjon for forventa bortfall av

brukarbetalingar som følgje av korona-pandemien, blir det samla sett forventa eit netto driftsunderskot på 0,6 % i 2020. Underskotet i 2020 er p.t. anslått til 1,4 mill. og er tilrådd dekket ved bruk av disposisjonsfond. Etter strykingsreglane i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar vil dette ikkje gje rom for ubundne avsetjingar i budsjettåret 2020, medrekna prosjekt Bru over Masfjorden.

### **DRIFTSINNTEKTER**

Posten omfattar alle driftsinntekter til Masfjorden kommune. Finansinntekter er ikkje medrekna. Status for postar med forventa avvik i budsjettåret er nærare kommentert under. Det tilråddast at sum driftsinntekter i budsjett 2020 blir justert ned med 2,5 mill.

#### Skatt og rammetilskot

Tidleg i mars oppdaterte KS sin inntektsprognosemodell for folketal per 01.01.2020. Tal innbyggjarar i Masfjorden kommune per 01.01.2020 blei 1 691, ein reduksjon på 20 innbyggjarar frå 01.01.2019. Reduksjonen tilseier 1,0 mill. i mindreinntekt i høve opphøveleg budsjett.

Det er knytt ein stor usikkerheit kring konsekvensane for kommune-Noreg av koronautbrotet i revidert nasjonalbudsjett 2020. Regjeringa har førebels varsla om dekking av inntektsbortfall i barnehagane og utsetting av overføring av skatteoppkrevjar til Skatteetaten til november 2020. Lønsoppgjeret i år er utsett til september og arbeidsløyssetala er rekordhøge og stadig aukande. Situasjonen ser ut til å halde ein stund og det er forventa smittetopp i april/mai 2020. Statsministeren har varsla ein ofseleg nedgang i Noreg og store økonomimotorar som USA og Storbritannia innfører fullstendig stenging i fleire ukar for å avgrense spreing av smitte.

Revidert nasjonalbudsjett blir etter planen lagt fram 12.mai 2020. Masfjorden kommune bør vere budd på lågare frie inntekter i det reviderte kommuneopplegget for 2020 enn den saka legg til grunn.

#### Eigedomsskatt

Masfjorden kommune gjennomførte ny alminneleg taksering av eksisterande eigedommar og innførte eigedomsskatt på næringseigedommar med verknad frå 2020 i samsvar med budsjettvedtak.

Eigedomsskatt er skriven ut innan loven sin frist og eigedomsskattelista viser ein samla inntekt på 25,6 mill. Det er komet fleire klagar på eigedomsskatteutskrivninga i år som ennå ikkje er handsama. For å tilpasse budsjett 2020 til utskrivne eigedomsskatt, er posten tilrådd justert opp med 4,6 mill.

#### Brukarbetalingar

Det er knytt usikkerheit kring inntektsbortfallet som følgje av koronautbrotet. Regjeringa har førebels signalisert om dekking av inntektsbortfallet i barnehagane, men ikkje i skulefritidsordninga. Posten er i denne saka tilrådd justert ned med 1,1, mill. som omfattar:

- Skulefritidsordning      inntektsbortfall på 0,2 mill.
- Legekontor              inntektsbortfall på 0,5 mill.
- Tekniske tenester      inntektsbortfall på 0,4 mill.

#### Konsesjonskraftsal

Opphøveleg budsjett legg til grunn konsesjonskraftsal på 6,0 mill. Med dagens straumpris og utviklinga i straum- og energimarknaden blir det behov for å justere ned dette anslaget. For å tilpasse inntektsposten til utsikten om låge straumprisar til hausten 2020 med ein forventa oppgang deretter, er posten tilrådd justert ned med 5,0 mill.

## **DRIFTSUTGIFTER**

Posten omfattar alle driftsutgifter til Masfjorden kommunen. Finansutgifter er ikkje medrekna. Status for dei ulike postar er nærare kommentert under. Det tilråddast at sum driftsutgifter i 2020 blir justert opp med 0,85 mill.

### Løn- og sosialeutgifter

Posten legg til grunn ein generell lønsvekst på 2,5 % med verknad frå mai 2020 i opphavelag budsjett. I framlegget til statsbudsjett ble lønnsveksten anslått til 3,6 %, og under den politiske handsaminga av budsjettet blei det orientert at lønsbudsjettet for einingane skulle styrkast ved saldering av 2020 budsjettet.

Lønsoppgjeret 2020 er førebels utsett til september 2020 og det er knytt usikkerheit kring årets resultat som følgje av koronakrisen. Det tilråddast ingen justering av posten i påvente av ny informasjon frå partane. Koronapandemien kan i tillegg gje eit utslag innanfor helsesektor.

### Kjøp av varar og tenester

Det heftar generelt usikkerheit kring kjøp av tenester frå andre kommunar, i all hovudsak Alver og felles IKT samarbeid. Opphavelag budsjett 2020 legg til grunn i all hovudsak vidareføring av 2019 nivå. Utgifter kring ny alminneleg taksering av eigedommar i Masfjorden kommune er ikkje med i opphavelag budsjett. Det er anslått at denne jobben kommer på om lag 0,2 mill. Fellesutgifter i Fensfjordbygg er heller ikkje med i opphavelag budsjett. Desse er anslått til 0,2 mill. i året, med 9/12 delar i 2020. Det tilråddast at posten blir justert opp med 0,35 mill.

### Overføringar og tilskot til andre

Posten omfattar blant anna sosialstønad. Sosialstønad utbetalt til innbyggjarar i Masfjorden kommune i 2018 blei på 1,0 mill. og i 2019 på 1,7 mill. Opphavelag budsjett 2020 legg til grunn sosialstønad på 1,0 mill. Sosialstønad tilråddast som følgje av den siste utviklinga justert opp med 0,5 mill.

## **NETTO FINANSUTGIFTER**

Posten omfattar renteinntekter og -utgifter, utbytteinntekter og avdrag på kommunale lån utanom vidareformidlingslån (startlån). Det tilråddast at posten i budsjett 2020 blir justert opp med 0,9 mill.

Som følgje av dei omfattande og vedvarande konsekvensar kring koronapandemien har regjeringa oppfordra selskap til å utsette utbytteutbetalingar i 2020. Opphavelag budsjett legg til grunn 0,6 mill. i utbytteinntekt frå BKK. Administrasjonen kommer tilbake til denne posten ved neste rapportering (1.tertial). Masfjorden kommune bør vere budd på lågare utbyttensnivå i 2020 enn budsjettet.

Ein oppdatert prognose av framdrifta i pågåande og planlagde investeringsprosjekt tilseier ein høgare låneopptak i 2020 enn opphavelag budsjett legg til grunn. Som resultat av det høgare låneopptaket blir rente- og avdragsutgiftene tilrådd justert opp med til saman 0,9 mill.

## **NETTO DRIFTSRESULTAT OG DEKNING**

Driftsinntektene er tilrådd justert ned med 2,5 mill., og driftsutgiftene justert opp med 0,85 mill. Brutto driftsresultat blir som følgje av justeringa eit underskot på 1,3 mill.

Netto finansutgifter er tilrådd justert opp med 0,9 mill. Etter korrigeringsmessige avskrivningar blir netto driftsresultatet eit underskot på 1,4 mill.

Heile underskottet er tilrådd dekt med bruk av ubundne avsetjingar/disposisjonsfond. Som følgje

av dette vil strykingsreglane kome i bruk.

## **INVESTERINGAR**

### Investeringsutgifter

Posten omfattar investeringar i varige driftsmidlar, eigenkapitalinnskott til KLP, vidareutlån og avdrag på vidareformidlingslån (startlån). Det tilråddast at posten i budsjett 2020 blir justert opp med 13,1 mill. som følgje av oppdaterte prognosar for pågåande store investeringsprosjekt og overføring av investeringsmidlar frå 2019 i høve til faktisk framdrift i same år.

Investeringar eksklusiv vidareutlån er tilrådd auka til 87,6 mill. i 2020. Dei 5 største prosjekt står for i overkant av 80 % av dette investeringsnivået:

- |                                      |            |
|--------------------------------------|------------|
| · Fensfjordbygg                      | 34,0 mill. |
| · Omsorgsbustadar i Hosteland        | 33,2 mill. |
| · Sjukeheimen – varme og ventilasjon | 1,8 mill.  |
| · Nordbygda skule – utbetring av tak | 1,3 mill.  |
| · Nordbygda skule – ventilasjon      | 1,0 mill.  |

Opphavelag budsjett la til grunn investeringar i anleggsmidlar (eksklusiv vidareutlån) på 74,5 mill. Investeringar i anleggsmidlar er tilrådd auka til 87,6 mill. Auken i høve til opphavelag budsjett på 13,1 mill. fordeler seg som følgje:

- |  |            |
|--|------------|
| · Revisjon av 2019 investeringar (KS 102/2019)                             | 3,8 mill.  |
| · Overføringar av investeringsmidlar frå 2019 i høve til faktisk framdrift | 3,2 mill.  |
| · Overskriding prosjekt Omsorgsbustadar Hosteland                          | 7,9 mill.  |
| · Overskriding prosjekt Fensfjordbygg                                      | 0,6 mill.  |
| · Ombygging Nordbygda barnehage frå 2020 til 2021                          | -2,5 mill. |
| · Dagsturhytte   | 0,1 mill.  |

Overskridinga for omsorgsbustadane på Hosteland skyldast i all hovudsak feilberekning av grunnarbeidet. Prosjektet er samstundes noko forsinka og overtaking er anslått til tidlegast desember 2020. Som følgje av dette blir investeringstilskott på til saman 19,3 mill. (omsorgsbustader og dagaktivitetssenter) utbetalt ikkje før i 2021. Dette i seg sjølv aukar behovet for låneopptak i 2020 tilsvarande. Overskridinga for Fensfjordbygg skyldast indeksregulering av kjøpesum i samsvar med kontrakt.

### Finansiering av investeringane

Posten investeringsinntekt omfattar meirverdiavgiftskompensasjon, investeringstilskott, mottatte avdrag på vidareutlån og bruk av lånemidlar (låneopptak). Det tilråddast at posten i budsjett 2020 blir justert opp med 12,7 mill. for å finansiere investeringsnivået budsjett 2020 byggjer på.

Resten på i underkant av 0,4 mill. blir finansiert ved auke i bruk av avsetjingar og er knytt til prosjekt Nothuset og Dagsturhytte.

Investeringane i anleggsmidlar i justert budsjett 2020 på 87,6 mill. blir som følgje av dette tilrådd finansiert med:

- |  |            |
|--|------------|
| · Meirverdiavgiftskompensasjon                                     | 10,6 mill. |
| · Investeringstilskott (signalanlegg sjukeheimen)                  | 1,1 mill.  |
| · Låneopptak (eksklusiv vidareutlån)                               | 65,2 mill. |
| · Bruk av ubundne avsetjingar (eksklusiv KLP eigenkapitalinnskott) | 10,7 mill. |

## **Vurdering**

Etter kommunelova si § 14-5 Årsbudsjettet sin bindande verknad, skal endringar i inntekter og



utgifter som årsbudsjettet byggjar på meldast til kommunestyret, som skal gjera naudsynte endringar i budsjettet for å oppretthalde lova sine krav om realisme og balanse. Det same gjeld når det på annan måte blir kjent tilhøve som kan tyda på vesentlege endringar i inntektene eller utgiftene i høve til vedteken budsjett.

Masfjorden kommune har finansielle omløpsmidlar plassert i aksjar og obligasjonar som ved 01.01.2020 hadde ein marknadsverdi på 27,1 mill. Utviklinga i aksjemarknaden har vore dramatisk hittil i år. Desse papira blir i balanserekneskapan vurdert til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Om det leggjast til grunn ein halvering av verdiane ved utgangen av 2020, vil avslutting av rekneskapan for 2020 måtte dekke ein urealisert tap på 13 mill. i tillegg til det driftsmessege underskotet.

Netto lånegjeld ved 01.01.2020, lånegjeld eksklusiv vidareformidlingslån, er på 76 mill. Berre i 2020 skal Masfjorden kommune ta opp nye investeringslån på 65 mill. Ein nesten dobling av kommunen sin lånegjeld vil leggja store bindingar på kommunen sitt framtidige handlingsrom.

I samband med bemanningssituasjonen i oppvekstsektor er det utarbeid egne framskrivingar for tal barn fram til 2024/25. Framskrivningane viser følgjande utvikling frå året 2020/21 til året 2024/25:

- Barnehagebarn      frå 81 til 52      (reduksjon på 29 barn)
- Elevar, barnetrinn      frå 154 til 138      (reduksjon på 16 barn)
- Elevar, ungdomstrinn      frå 62 til 73      (auke på 11 barn)

Dagens struktur i oppvekstsektoren vil med ein slik utvikling vere stadig mindre økonomisk gunstig.

## **Formannskapet - 015/2020**

### **FS - behandling:**

Personal- og økonomileiar Svein Viktor Ellinbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Rådmannen la fram følgjande tilleggspunkt til framlegg til vedtak:

- Låneopptak til investeringsføremål utgjer samla 65,2 mill kr i 2020 + startlån.

Framlegg til vedtak med tilleggspunktet frå rådmannen vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Driftsbudsjett 2020 endrast i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.**

**Investeringsbudsjett 2020 endrast i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.**

**Låneopptak til investeringsføremål utgjer samla 65,2 mill kr i 2020 + startlån.**

**Forventa driftsunderskot i 2020 blir dekt med bruk av disposisjonsfond.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-202, TI-&14	19/366

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
018/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Finansrapportering pr. 31.12.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Finansrapportering jf. finansreglement vedteke av kommunestyret den 20.02.2017, sak 3/2017 – pkt. 9

## 9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide eir finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utvikling gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.

### Fakta


Plasserte midlar i rente, obligasjon og aksjefond hadde ein god avkastning i 2019

	31.12.2018	2019		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Dnb Obligasjon 20	7 482 337,69	171 519,22	7 653 856,91	2,292 %
Holberg Kreditt	2 192 275,54	133 311,76	2 325 587,30	6,081 %
First Aksjer Norge	5 621 551,80	1 162 264,14	6 783 815,94	20,675 %
Holberg Global	2 113 193,30	700 382,00	2 813 575,30	33,143 %
Holberg Rurik	699 542,49	63 961,75	763 504,24	9,143 %
Spv Aksje	5 623 798,00	1 121 769,00	6 745 567,00	19,947 %
<b>SUM</b>	<b>23 732 698,82</b>	<b>3 353 207,87</b>	<b>27 085 906,69</b>	<b>14,129 %</b>

Med til dels store svingingar pr. mnd

jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
8 520,49	28 104,91	33 241,71	11 759,73	27 137,84	18 133,85	19 444,97	57 621,27	-30 079,66	-5 307,95	9 744,44	-6 802,3
20 639,91	18 897,33	43 108,58	-2 352,16	-107 913,14	7 064,96	1 665,64	15 592,42	103 523,97	9 480,48	8 813,42	14 790,3
293 501,34	206 702,16	96 583,50	-45 385,10	66 956,67	14 615,06	-56 311,74	62 908,17	67 389,31	139 831,51	120 355,94	195 117,3
127 421,62	104 445,69	187 901,09	-23 933,65	-362 435,14	-9 659,39	90 517,21	74 473,85	311 553,44	120 670,49	96 454,40	-17 027,6
31 614,18	13 726,21	22 071,83	-11 584,99	77 203,69	-28 447,76	-17 668,72	-23 757,10	-3 149,74	3 801,16	12 926,56	-12 773,5
260 297,00	177 888,00	55 702,00	194 316,00	-199 251,00	95 904,00	102 408,00	-26 883,00	115 891,41	184 777,59	140 597,00	20 122,0
<b>741 994,54</b>	<b>549 764,30</b>	<b>438 608,71</b>	<b>122 819,83</b>	<b>-498 301,08</b>	<b>97 610,72</b>	<b>140 055,36</b>	<b>159 955,61</b>	<b>565 128,73</b>	<b>453 253,28</b>	<b>388 891,76</b>	<b>193 426,1</b>

Med topp i januar med om lag 750.000 i avkastning, og mai med ein nedgang på nær 500.000, men samla sett for året ei styrking av rekneskapan med over 3,3 mill.kr.



Langsiktig gjeld utgjorde 69 mill.kr. ved inngangen av året, samla låneopptak i løpet av året utgjorde 21,9 mill.kr., og etter frådrag av bokførte avdrag i 2019 rekneskapan – utgjør langsiktig gjeld 84,4 mill.kr., og ein auke på 15,4 mill.kr. Langsiktig gjeld pr. innbyggjar låg på om lag 40.000 pr. innbyggjar ved utgangen av 2018, og auka til kr. 49.921 pr. utgangen av 2019.

## Vurdering

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden gjennom eit år. 2019 starta bra, med litt svingingar utover i året, men vi enda samla sett opp med eit særst godt år med over 3,3 mill.kr. og over 14,1% i avkastning

Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskot. Stresstest pr. 31.12.2019 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med

fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskot er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning – som i 2018. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, men ein har større tru på meiravkastning utover bank og for noverande plasseringa – men det vert garantert svingingar. (I skrivande stund av denne saka er 2020 finansplasseringane kraftig ned (mars 20), og det kjem ein nærare attende til i rapportering 2020)

### **Konklusjon**

Tilrår at finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring

### **Formannskapet - 016/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Finansrapporteringa pr. 31.12.2019 vert teken til vitring**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-26/4, Gbnr-26/6, Gbnr-26/11, FA-L42	19/446

Saknr	Utval	Type	Dato
017/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Klagevurdering

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Klage - Masfjorden - 26/2 4-6 11 - Andvik - vegfylling i sjø - dispensasjon	05.03.2020
Melding om delegert vedtak - søknad om etablering av midlertidig veg - dispensasjon - gnr 26 bnr 4-6, 11	14.02.2020
7209 - B19001ME - Søknad om dispensasjon	29.01.2020
Søknad om etablering av midlertidig veg - dispensasjon - gbnr 26/4, 26/6, 26/11	29.01.2020
7209 - B19003ME - Følgerevisjon byggsøknad	29.01.2020
7209 - Nabovarsel veg fra nord	29.01.2020
7209_ Situasjonsplan	29.01.2020
7209_A601 - Profil P1-P6	29.01.2020
7209_A602 - Profil P7-P12	29.01.2020
7209_A603 - Profil P13-P16	29.01.2020
7209_A801 - 3D modell	29.01.2020
7209_A802 - 3D modell	29.01.2020
7209_Lengdeprofil	29.01.2020
signert avtale bruk av areal Henry Totland	29.01.2020
Uttale - Masfjorden - 26/4 6 11 - Andvik - etablering av veg - dispensasjon	10.10.2019
bilde av veg fra pir til fabrikkbygninger	11.09.2019
bilde veg fra naust til fabrikk Andvik	11.09.2019
Veg på land fabrikklegg Andvik	11.09.2019
Regionalt kart lokalisering av Andvik	11.09.2019
arealplan Andvik med info - kommentarer	11.09.2019
Oversendingsbrev - søknad om dispensasjon for etablering av veg på gbnr 26/4, 26/6 og 26/11, Andvik	12.09.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune opprettheld vedtak om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av veg til fabrikkbygning på gbnr 26/4-6 og 26/11. Det er store samfunnsmessige fordelar med å gjeve dispensasjon for etablering av veg, slik at fabrikkbygning til nedfalls kan rivast. Området er i dag svært utilgjengeleg for ålmenta, og ber delvis preg av forsøpling ut frå installasjonar som står der i dag. Tiltaket vil medføre ei opprydding av området og lette tilgjenge for ålmenta. Landskapsmessig vil vegen bli etablert så langt som mogleg utan fyllingar i sjø med begrensa skjeringar i bakkant. Natur og kulturmiljø vert i liten grad råka av tiltaket. Det er eit vesentleg sikkerheitsaspekt knytt til saka. Den gamle fabrikk

som skal rivast er i svært dårleg stand og veg for å transportere bort avfall er naudsynt. Området ligg i arealdelen til kommuneplanen som LNF-føremål, men området har ingen verdi som landbruksføremål og det er ingen tradisjon med bruk av området som natur og friluftareal.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Fylkesmannen i Vestland har i klage datert 04.03.2020 klagd på delegert vedtak 010/2020 datert 14.02.2020 der det vart gjeve løyve til dispensasjon for etablering av veg til fabrikkbygning på gbnr 26/4-6 og 26/11.

### Uttale

Saka vart sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland 12.09.2019. Kommunen mottok uttale datert 09.10.2019 der dei mellom anna sa fylgjande: «Tiltakshavar har nå funne ei alternativ løysing, der vegen der vegen i sin heilheit skal etablerast på land. Vi vil i det følgjande gjere ei ny konkret vurdering av det nye tiltaket.

Sjølv om ein no vel å ikkje fylle ut i sjø, er tiltaket likevel omfattande. Landskapsverknadene vert store. Dette strir mot byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag, jf. pbl. § 1-8 andre ledd. Tiltaket strir òg mot LNF-føremålet i kommuneplanen. Det bør utarbeidast ein reguleringsplan for området, slik at ein sikrar at alle naudsynte omsyn vert tekne i vare, og for å få ein fornuftig arealavklaring for heile området. Etter Fylkesmannens vurdering er tiltaka det vert søkt om for omfattande til å kunne handsamast som dispensasjon.

### Konklusjon

Bygging av en 85 meter lang og 3,5 meter brei veg i strandkanten vil ha stor innverknad på natur, miljø og landskap. Tiltaket vil difor redusere dei kvalitetane og verdiane som ligg i strandsona og som er verna særskilt gjennom tiltaksforbodet i pbl. § 1-8.

Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon for bygging av veg på GBNR 26/4-6, 26/11 og 26/2 i Masfjorden kommune, slik det er søkt om.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg myndigheit har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.»

### Fakta

Saka gjeld klage frå Fylkesmannen i Vestland på vedtak 010/2020 datert 14.02.2020. Det vart gjeve løyve til dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og frå plan- og bygningslova § 1-8 Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag for etablering av veg til fabrikkbygning som skal rivast på gbnr 26/4-6 og 26/11.

Det er gjeve pålegg om å rive fabrikkbygning på eigedomen og søknad om riving er godkjent i delegert vedtak sak nr 096/2019 datert 16.09.2019. Søknad om etablering av veg søkast i høve til tilkomst til tomta for å kunne gjennomføre rivingsarbeidet og få transportert bort avfallet.

Vegen er så langt som mogleg forsøkt lagt i terrenget på ein måte som først og fremst skal begrense fylling i sjø, men inn mot den gamle fabrikk må noko påreknast av omsyn til angrepspunkt for rivingsarbeidet. Det er eit underskot av massar til vegen grovt rekna til om lag 400 m<sup>3</sup>. Vegen vil få ein total lengd på 85 meter med gjennomsnittleg breidd på ca 3,5 meter.

Planlagd tiltak følger parallelt med kommunal veg.

Det er store samfunnsmessige fordeler med å gjeve dispensasjon for etablering av veg slik at fabrikkbygning til nedfalls kan rivast. Det er eit vesentleg sikkerheitsaspekt knytt til saka. Den gamle fabrikk som skal rivast er i svært dårleg stand og veg for å transportere bort avfall er naudsynt.

Fabrikkbygningane på gbnr 26/4-6 og 26/11 har i fleire år vore prega av forfall. Tilstanden på

bygningmassane på eigedomen: Det har kome store mengder vatn igjennom bygningane dei siste åra. Det har ført til frost som sprengjer på konstruksjonane og det er berre eit tidsspørsmål før bygningane vil rase saman.

Slik eigedomen ligg i dag er det ulempe for personar, miljøet og svært skjemmande for lokalmiljøet i Andvik.

I dag står bygningane i slik stand at det medfører fare å ferdast inne på eigedomen.

Saka har bydd på store utfordringar i høve til tilkomst til tomta for å kunne gjennomføre rivingsarbeidet. Fleire løysingar har vore vurdert og beste løysing er å etablere tilkomst frå nord, ved å nytte eksisterande avkøyrsløp og legge veg langs sjøen fram til bygningane som skal rivast.

Området er i dag svært utilgjengeleg for ålmenta, og bærer til dels preg av forsøpling ut frå installasjonar som er der i dag.

Tydinga midlertidig tilkomst i dette høve, er i forhold til rivingsvedtaket. Det er starta planarbeid med å utvikle område til akvakultur. Tilkomst her er også planlagt frå nord ved same avkøyrsløp, og vil fylgje omtrent same trase. Dersom det skulle verte slik at utvikling av området til akvakultur ikkje vert realisert, vil det kunne fyllast jord på vegtraseen slik at den kan plantast til.

Eigar av gbnr 26/2 har i avtalt datert 19.07.2019 gjeve løyve til etablering av veg over hans eigedom.

### **Vurdering**

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er satt av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gjeve dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd.

Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seie at alle vilkåra må vere oppfylt før ein kan gje dispensasjon.

Vedrørande dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Moment for å godkjenne søknaden:

- Det er store samfunnsmessige fordeler med å gjeve dispensasjon for etablering av veg, slik at fabrikkbygning til nedfalls kan rivast.
- Området er i dag svært utilgjengeleg for ålmenta, og ber delvis preg av forsøpling ut frå installasjonar i dag.
- Tiltaket vil medføre ei opprydding av området og lette tilgjenge for ålmenta.
- Landskapsmessig vil vegen bli etablert så langt mogleg utan fyllingar i sjø og med begrensa skjeringar i bakkant. Vegen vil verte lite synleg frå land.
- Natur og kulturmiljø vert i liten grad råka av tiltaket.
- Det er eit vesentleg sikkerheitsaspekt knytt til saka. Den gamle fabrikk som skal rivast er i svært dårleg stand og veg for å transportere bort avfall er naudsynt.
- Området ligg i arealdelen til kommuneplanen som LNF-formål, men området har ingen verdi som landbruksformål og det er ingen tradisjon med bruk av området som natur og friluftareal.

Moment for å avslå søknaden:

- Regional myndigheit har uttalt seg negativt til søknaden.

I 100-meterbeltet langs sjø og vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv og andre ålmenne interessert. Etablering av veg langs strandsona vil ikkje i vesentleg grad sette nokon av intensjonane med plan- og bygningslova § 1-8 til side.

Område ligg på areal avsatt til LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen. Området nedanfor kommunevegen har ingen verdi som landbruksformål. Det har heller ingen tradisjon som natur og friluftsareal. Ei framføring av veg langs strandsona set ingen av desse formåla til side.

Det har i vurdering blitt lagt vekt på omsynet til kommuneplanen sin arealdel, samt omsynet til natur, miljø, landskap og friluftsliv.

Etter administrasjonen si vurdering er det overvekt av moment som talar for godkjenning av søknad om dispensasjon, i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2. Administrasjonen kan ikkje sjå at tiltaket vil få vesentlege arealmessige følgjer eller koma i konflikt med andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta. Momenta i søknaden for å dispensere, vil ulempene vere mindre enn fordelane og det tilrådest at det vert gjeven dispensasjon.

#### **Konklusjon**

Masfjorden kommune opprettheld vedtak om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av veg til fabrikkbygning på gbnr 26/4-6 og 26/11.

### **Formannskapet - 017/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune opprettheld vedtak om dispensasjon frå LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av veg til fabrikkbygning på gbnr 26/4-6 og 26/11. Det er store samfunnsmessige fordeler med å gjeve dispensasjon for etablering av veg, slik at fabrikkbygning til nedfalls kan rivast. Området er i dag svært utilgjengeleg for ålmenta, og ber delvis preg av forsøpling ut frå installasjonar som står der i dag. Tiltaket vil medføre ei opprydding av området og lette tilgjenge for ålmenta. Landskapsmessig vil veggen bli etablert så langt som mogleg utan fyllingar i sjø med begrensa skjeringar i bakkant. Natur og kulturmiljø vert i liten grad råka av tiltaket. Det er eit vesentleg sikkerheitsaspekt knytt til saka. Den gamle fabrikk som skal rivast er i svært dårleg stand og veg for å transportere bort avfall er naudsynt. Området ligg i arealdelen til kommuneplanen som LNF-føremål, men området har ingen verdi som landbruksføremål og det er ingen tradisjon med bruk av området som natur og friluftsareal.**



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-14/10, Gbnr-14/85	19/421

Saknr	Utval	Type	Dato
018/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
	Formannskapet	PS	

## Klage på vedtak 003/2020 datert 03.02.2020

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova - husbåt - gbnr 14/10	08.10.2019
Nabovarsel og Kvittering for nabovarsel - gbnr 14/10	17.10.2019
Uttale - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	08.11.2019
Masfjorden kommune - uttale til høyring om dispensasjon til oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gnr14 bnr10	15.11.2019
Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 1410	28.11.2019
Klage på delegert vedtak- søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge - gbnr 14/10, 14/85	18.12.2019
Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 14/10	04.02.2020
Førespurnad om utgreiing av mogleg ulovleg tilhøve Træet	14.06.2019
husbåt 1	14.06.2019
Utgreiing om tiltak i sjø	18.06.2019
Klage - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	18.06.2019
	25.02.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klage frå Fylkesmannen i Vestland vert teke til følgje.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det er frå Fylkesmannen i Vestland kome inn klage datert 24.02.2020 på Masfjorden kommune v/formannskapet sitt vedtak av 03.02.2020 under sak 003/2020 der det vart gjeve løyve til dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og byggteknisk forskrift (TEK 17) for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 14/10.

I klage datert 24.02.2020 vert det orientert om at dersom kommunen ikkje tar klagen til følgje, vert saka sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjesfylkesmann

som vil fatte endeleg avgjerd i saka.

### **Fakta**

Det er frå Fylkesmannen i Vestland kome inn klage datert 24.02.2020 på Masfjorden kommune v/formannskapet sitt vedtak av 03.02.2020 sak 003/2020 der det vart gjeve løyve til dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og byggt teknisk forskrift (TEK 17) for oppføring av husbåt og forlenging av flytebyggje gbnr 14/10.

Fylkesmannen rådde i i brev datert 07.11.2019 i frå at det vart gjeve dispensasjon, i hovudsak på grunn av manglande samsvar med arealbruk i overordna plan, og uheldig verknader for natur og friluftsliv. Fylkesmannen frykta også at dispensasjon i dette høve ville gje ein uheldig presedensskapande verknad.

Fylkesmannen er ikkje samd i Masfjorden kommune v/formannskapet sine vurderingar i saka.

Fylkesmannen skriv at : «Ved dispensasjon skal kommunen legge særleg vekt på regionale statlege rammer og mål. Fylkesmannen rådde i brev av 07.11.2019 i frå at det vart gjeve dispensasjon, i hovudsak på grunn av manglande samsvar med arealbruken i overordna plan, og uheldig verknader for natur og friluftsliv. Vi frykta vidare at ein dispensasjon i dette høvet ville gje ein uheldig presedensskapande verknad. Kommunen bør ikkje gje dispensasjon dersom statleg eller regional myndigheit har uttala seg negativt til søknaden, jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd.»

Administrasjonen er samde med Fylkesmannen som meiner at tiltaket vil medføre uheldige verknader for natur og friluftsliv og kan gje ein uheldig presedensskapande verknad.

Administrasjonen er også samd med Fylkesmannen som skriv i klagen at : «Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag eller heimel for å gje dispensasjon slik det er søkt om. Vi meiner at konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen i dette høvet set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side. Vedtaket om dispensasjon vil kunne undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Vi kan helle ikkje sjå fordelane ved å gje dispensasjon er større enn ulempene. Faren for å kunne skape ein uheldig presedens i dette område og elles i kommunen vurderast som stor.»

Fylkesmannen viser også til uttalen sin datert 07.11.2019, der dei uttalte fylgjande: «Fylkesmannen forstår at tiltakshavar ønsker å utvide næringsverksemda gjennom å etablere fleire moglegheiter for utleige av overnattingsstad og båtar. I dette høvet er likevel føresegna i kommuneplanens arealdel klar på at i områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» er det ikkje tillate å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon. Det er soleis heller ikkje opning for at ein kan etablere ein ordning med husbåt for overnatting. Denne farkosten må reknast som ein permanent forankra konstruksjon, då den berre flyttast for opplag om vinteren.

Omsøkte tiltak ligg innanfor det regionale friluftsområdet Herøyosen, som er registrert som viktig friluftsområde. Tiltaka vil slik vi ser det påverke natur, landskap og moglegheit for friluftsliv på ein negativ måte. Vi meiner difor det vil være uheldig å gje dispensasjon til desse tiltaka.

Vi fryktar vidare at ein dispensasjon i dette høvet vil gje ein uheldig presedensskapande verknad.»

Fylkesmannen konkluderar med at: «konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen, set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side. Vi kan heller ikkje sjå at fordelane ved ein dispensasjon er større enn ulempene. Dispensasjonen oppfyller dermed ikkje vilkåra for å kunne gje dispensasjon etter pbl. § 19-2 andre ledd.»

Rådmannen er enig i Fylkesmannen sine vurderingar i denne saka.

### **Konklusjon**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak er at klage frå Fylkesmannen vert teke til følgje.

Dersom ikkje klage frå Fylkesmannen vert teke til følgje, vert saka sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjesfylkesmann som vil fatte endeleg avgjerd i saka.

### **Formannskapet - 018/2020**

#### **FS - behandling:**

Erlend Kvamsdal (H) sa at han var ugild i saka på grunn av nært slektskap. Det vart samrøystes vedteke at Kvamsdal var ugild i saka og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram framlegg om å utsette saka.

Utsettingsforslaget frå Totland vart samrøystes (4 røyster) vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett.

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE-243	17/35

Saknr	Utval	Type	Dato
019/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
021/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Nærmiljøanlegg Stien, Kvingo- kommunal medfinansiering

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å forskottera delar av anleggskostnadane i prosjektet, etter konkret søknad frå anleggseigar.

Masfjorden kommune stiller garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Det vert løyvd inntil kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet som kommunal medfinansiering, toppfinansiering, så sant prosjektrekneskapen viser at det er trong for det. Kostnadane vert finansiert over disposisjonsfond.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Nærmiljøanlegget turveg på Stien/ Kvingo er for 2020 prioritert som nr 1 i kommunen sin handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2017-2024.

Kvinge grendelag søkte i 2017 fylkeskommunen om spelemidlar til nærmiljøanlegget/turstien , og fekk tilsagn på kr 300 000. Grunna manglande finansiering måtte grendelaget seia frå seg dette tilskotet. Det viste seg at traseen for første del av stien med mykje sprenging måtte endrast grunna ustabil fjell og fare for utrasing. Innkomne anbod der dette partiet av turvegen var flytta medførte større kostnader.

Ein utsette difor prosjektet for å prøva å styrka eigenkapitalen. Mellom anna vart det søkt tilskot frå Gjensidigestiftinga, med tildeling i 2019.

I vilkåra for spelemidlar er det no gjort endringar som gjer at det er mogeleg å ta lysanlegg inn som tilleggsprosjekt og få særskild støtte til dette.

Ny søknad om tilskot til nærmiljøanlegg vart utarbeidd. Det vart utforma to søknader, ein søknad om tilskot til tursti og ein særskild søknad om tilskot til lysanlegg. Samla søknadssum er kr 600 000. Søknader er fullt og heilt utarbeidd av Kvinge grendelag, og heile anlegget vert etablert på privat grunn. All dokumentasjon som krevst for å få godkjent søknaden, inkludert grunneigaravtalar på 20 år, er på plass.

Søknadane vart godkjende av Masfjorden kommune januar 2020 og sendt Vestland fylkeskommunen/ Kulturdep. innan fristen 15.januar 2020.

#### Fakta

Fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.

Det er i regi av innbyggjarar, grunneigarar og idrettslag over tid etablert organiserte turstiar i bygda og fjella rundt. Slik aktivitet krev litt organisering og det er kanskje dei som er aktive i utgangspunktet og som uansett tek vare på helse si som på denne måten brukar desse

moglegheitene. Barn, ungdom, eldre og folk med nedsett funksjonsevne har avgrensa eller ingen tilbod som er eigna i det daglege. Med dette tiltaket ynskjer Kvinge grendelag å leggja betre til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle innbyggjarane. Kvingo ligg geografisk midt på vegstreking der det totalt bur ca 500 personar. Anlegget vil først og fremst bli nytta av lokalbefolkning, men også folk frå området rundt vil kunne nytta anlegget. Grendelaget har planar for vidare utvikling av området med oppgradering og påbygging av eksisterande rydda gangstiar. Det er lagt opp til trinnvis utbygging, tilpassa behov og kapasitet på finansiering og dugnad. Finansieringsplanen for anlegga syner ein total kostnad på kr 1 623 026 på prosjekt tursti og kr 770 384 på prosjekt lys. Dugnadsinnsatsen i prosjekt tursti er kr 606 365 og i prosjekt lys kr 344 250. Samla sett utgjer dugnadsinnsatsen kr 950 615. Både i prosent og sett i høve til total kostnad på anlegget er dugnadsdelen svært stor. Dugnaden er planlagt utført av lokalbefolkningen og i stor grad grunneigarane som i hovudsak er bønder. Her er det folk med allsidig kompetanse og med mykje maskiner og utstyr frå landbruksdrifta som eignar seg til denne type arbeid. I tillegg til handarbeid er det berekna ein stor del dugnad utført med gravemaskiner og traktorar med tilhengar og anna utstyr. Kostnadsoverslaga i søknaden er gått gjennom og dokumentert av fagperson og basert på eit godt berekna omfang og til dagens marknadspris. Anlegget vil få gode estetiske kvalitetar og rettleiar frå Kultur- og kirkedepartementet vert førande for utforming av anlegget. Lys som står på heile tida er forureining og også skadeleg for dyrelivet. Det vert difor nytta LED-lys med rørslesensarar og automatikk som regulerer kva lyspunkt som lyser og at mengde lys er i forhold til behov.

Grendelaget har gjort ein stor innsats for å styrka eigenkapitalen i tiltaket. Gjensidigestiftinga har gitt eit tilsagn om støtte på kr 400 000. Dette er midlar som vert utbetalt etter kvart som ein har kostnader i prosjektet. Sparebanken Vest yter i tillegg støtte på kr 100 000 til lavvo/aktivitetsapparat i samband med turvegen. Dette er midlar som er halde utanfor sjølve spelemiddelsøknaden, men som likevel viser engasjement for å henta midlar som kan vera med på å løfta kvaliteten på heile anlegget.

I søknadane ligg det inne kommunalt tilskot kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys.

Det er venta svar på søknaden om spelemidlar mot slutten av mai 2020. Her kan ein venta seg eitt av tre ulike utfall:

1. Søknad blir underkjent grunna manglar og sendt til eigar og kommune for utbetringar.  
I dette tilfellet må eigar og kommune lesa seg opp og utbetra søknad utifrå det som manglar / blir etterspurd, og senda søknad på nytt 2021.
2. Søknad blir godkjent og innvilga, men tilskot kr 600 000 først utbetalt etter kontrollert og godkjent rekneskap  
Ved eit slikt utfall har praksis vore at kommunen forskotterer deler av kostnadane slik at ein unngår å ta opp lån for å starta anleggsarbeidet.
3. Søknaden blir godkjent, men berre delar av søknadssum blir innvilga.  
Søklar må fornye søknaden neste år. Ved eit slikt utfall har og praksis vore at kommune forskotterer deler av kostnadane slik at ein kan kome i gang med anleggsarbeidet.

#### Momskompensasjon

I mange år var innarbeidd praksis i Masfjorden kommune at kommunalt anleggsbidrag i samband med spelemiddelsøknader var momskompensasjon. Dette har forutsett at kommunen då betalte alle rekningane. Gradvis har denne praksisen måtte endra seg etter endringar i momskompensasjonsordninga og etter at det vart opna for at lag og organisasjonar kunne søkje momskompensasjon sjølve, er dette blitt ein mindre aktuell kommunal medfinansieringsmåte. Gjennom momskompensasjonsordninga for lag og organisasjonar vert det løyvd ein bestemt pott uavhengig av kor mange som søker om kompensasjon. Slik denne ordninga er laga er det difor ikkje automatikk i at alle momskostnadane blir kompensert. Søklar ønskjer difor ein kommunal garanti for eventuelt ikkje kompenserte moms midlar.

#### **Vurdering**

Anlegget turveg på Stien/Kvingo har kommunal prioritet på nærmiljøanlegg. Kommunen må vera innstilt på å yta tilskot. Idrettsplanen legg ingen føringar for kommunal økonomisk medverknad, men praksis har vore at kommunen bidreg med tilskot, ev forskotteringar og momskompensasjon.

Det bør vera praksis også i dette tiltaket.

#### Universell utforming

Anlegget skal, som tidlegare nemnt, i hovudsak dekkja behov for dei som ikkje har helse eller førlegheit til å koma seg ut i naturen utanom tilrettelagte anlegg. Det gjeld først og fremst rørslehemma og eldre, men og barn og ungdom som her får ein trygg stad for trening og aktivitet. Anlegget vil få universell utforming og vert tilgjengeleg med rullestol.

I Kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert det påpeika at kommunen har lite med turstiar for denne målgruppa, og at tilbod er etterspurd.

#### Skuleveg

Ein del av funksjonen til stien er skuleveg for born på Kvingebakken. Opplysningar i søknaden skildrar ein farleg skuleveg rundt Kalberget og Nord-Kvingeelva. Dei yngste elevane blir køyrt til frå skulebuss. Dette blei aktualisert etter at gjeldande Trafikksikringsplan vart utarbeida, og difor ikkje med i denne planen.

Tiltaket er i samsvar med målsetjingane i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Planen fokuserer på folkehelse. Punkt 1.4 (Målsetjing) i planen understrekar det som Kvinge grendelag no legg til rette for. Punkt 1.6 (Tiltak ) er også i samsvar med dette tiltaket. Det er flott å oppleve at private legg til rette for at måla i Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv kan realiserast.

#### Kommunal medfinansiering.

Anleggseigar har søkt om eit relativt lite kommunalt tilskot til eit så samfunnsnyttig prosjekt som er heimla i kommunale planar. Prosjektet er allereie godt finansiert, og med maksimal utteljing på spelemiddelsøknadane og ev andre søknader skal ein ikkje sjå bort frå at finansiering kan skje utan reint kommunalt tilskot.

#### Kommunal forskottering

Alle delarbeida skildra i den innleverte spelemiddelsøknaden er gjennomtenkt og nøye kostnadsberekna og vil vere godt gjennomførbare innanfor budsjett. Arbeidet med søknaden ber preg av å vere utført med fagleg tyngde. Det er difor grunn til å tru at søknaden vil bli godkjent i år og at arbeidet vil starte opp med ein gong søknadene er godkjent uavhengig av om det vert gjort tilsagn om spelemidler eller ikkje. Det er difor sannsynleg at prosjektet vil ha behov for ei kommunal forskottering for at ikkje arbeidet skal stanse opp.

#### Brøyting

Når det gjeld drift av anlegget er i utgangspunktet dette ikkje ei kommunal oppgåve. Foreldra til barna som vil nytta vegen som skuleveg må søkja om brøyting på lik linje med andre som treng ei form for tilrettelegging.

#### Lysanlegg

Når det gjeld vedlikehald av lys er dette eit privat anlegg, men det kan opnast for at ein kan søkja om kommunal støtte dersom det er born som nyttar vegen som skuleveg.

#### **Konklusjon**

Dersom søknaden blir godkjend i 2020, men ikkje får tilsagn er rådmannen innstilt på å forskottera delar av kostnadane for ikkje å få stopp i arbeidet.

Rådmannen meiner at Masfjorden kommune skal stille garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.

Rådmannen meiner at anleggseigar har søkt om eit relativt lite kommunalt tilskot til eit så samfunnsnyttig prosjekt som er heimla i kommunale planar og rår til at Masfjorden kommune løyver kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet så sant rekneskapen viser at det er trong for det.

## **Formannskapet - 019/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - vedtak:**

**Rådmannen får fullmakt til å forskottera delar av anleggskostnadane i prosjektet, etter konkret søknad frå anleggseigar.**

**Masfjorden kommune stiller garanti for ikkje-momskompenserte kostnader gitt at alle søknadsfrister om å få kompensert moms vert overhalde frå anleggseigar si side.**

**Det vert løyvd inntil kr 95 000 til veg og kr 40 000 til lys til dette prosjektet som kommunal medfinansiering, toppfinansiering, så sant prosjektrekneskapen viser at det er trong for det. Kostnadane vert finansiert over disposisjonsfond.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Malin Daae Steine	FA-F03	19/564

Saknr	Utval	Type	Dato
020/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
022/2020	Kommunestyret	PS	14.05.2020

## Folkehelseoversikt Masfjorden 2019-2022

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
FOLKEHELSEOVERSIKT 2019	11.03.2020
Statistikkgrunnlag folkehelseoversikt Masfjorden kommune 2019	11.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Folkehelseoversikt for Masfjorden 2019-2022 blir tatt til vitring.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunen skal utarbeide eit samla oversiktsdokument kvart fjerde år som skal ligge til grunn for det langsiktige folkehelsearbeidet i kommunen, jf. Forskrift om folkehelse §5. Oversiktsdokumentet skal ligge føre ved oppstart med planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1 og § 10-1, og skal vere med på å danne grunnlag for kva planar som skal utarbeidast eller reviderast.

Oversikta skal identifisere folkehelseutfordringar og ressursar. I tillegg skal den innehalde faglege vurderingar av årsaksforhold og konsekvensar. Kommunen skal særleg vere merksam på trekk og utvikling som kan skape eller oppretthalde sosial og helsemessige problem, eller sosiale helseforskjellar.

#### Fakta

Den tverrfagleg arbeidsgruppe som har utarbeida oversiktsdokumentet har vore sett saman av;

Malin Daae Steine	Folkehelsekoordinator, konstituert helse- og omsorgsleiar
Anne Kristin Rafoss	Rådgevar
Marta Midtbø	Helsesjukepleiar
Rita Ludvigsen	Oppvekstleiar
Hildegunn Bjånes	Leiar heimetenestene
Rolf Tande	Kommuneoverlege
Dag Haarklau	Spesialsjukepleiar psykisk helse



Oversiktsdokumentet skal vere basert på fakta og fagleg kunnskap, og arbeidsgruppa har henta dette frå:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- Kunnskap frå dei kommunale tenestene
- Kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse

I forskrift om oversikt over folkehelse §3 er det eit krav til at oversikta skal omfatte opplysningar og vurderingar av:

- Befolkningssamansetning: Innbyggjar tal, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster.
- Oppvekst – og levekårforhold: Økonomiske vilkår (andel med høg – og låg inntekt, inntektsforskjellar), bu – og arbeidsforhold (tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær, uføretrygd), og utdanningsforhold (andel med høgare utdanning, fråfall i vidaregåande skule)
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Drikkevatn – og luftkvalitet, nærmiljø, tilgang til fri- og friluftsområder, sykkelvegnett, antal støyplager, oversikt over smittsame sjukdomar, organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar.
- Skade og ulykker
- Helserelatert åtferd: Fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel, tannhelse, risikoåtferd som kan gi utslag i skader og ulykker.
- Helsetilstand: Informasjon om førekomst av sjukdomar der førebygging er viktige som psykisk lidingar, hjerte – karsjukdomar, type 2- diabetes, kreft, kroniske smerte og belastningssjukdomar.

Oversiktsdokumentet skal vere allment tilgjengeleg slik at frivillige organisasjonar og befolkninga får tilgang til informasjon som grunnlag for å medverke i beslutningsprosessar som har betydning for folkehelsa jf. Forskrift om oversikt over folkehelse § 8.

## Vurdering

Masfjorden kommune var med i KS nettverk i 2018 og starta då prosessen med revidering av folkehelseoversikta. Statistikkgrunnlag blei oppdatert og lagt til grunn for revidering og utarbeiding av folkehelseoversikta.

Statistikkgrunnlaget vart og sendt ut til elderråd, ungdomsråd og råd for mennesker med nedsett funksjonsevne for drøfting og med moglegheit for innspel. I tillegg har statistikkgrunnlaget vore diskutert på utvida leiarsamling.

Etter innspel frå råd, leiargruppa og fagleg vurdering i arbeidsgruppa er det utarbeida folkehelseoversikt for Masfjorden kommune med vurdering av årsaksforhold og konsekvensar for folkehelsa i kommunen utifrå statistikkgrunnlaget. Ein har kartlagt noverande ressursar og kome med innspel til mogleg framtidige tiltak under kvart emne. Til slutt i dokumentet er det ei oppsummering av utfordringsbildet med prioriterte områder for det vidare arbeidet med

folkehelsa i kommunen.

Folkehelsearbeid er eit stort område som påverkar alle tenestene og heile lokalsamfunnet. Det er viktig at dette er eit «levande» dokument som blir oppdatert med relevante statistikkar etter kvart som dei blir tilgjengeleg. I tillegg kan ein nytte andre karleggingsverktøy som ungdatabase, brukarundersøkingar og kommunen si årlege folkehelseprofil i arbeidet med å halde jamnleg oversikt over folkehelsa i kommunen.

#### **Konklusjon**

Rådmann tiltrår at folkehelseoversikt blir tatt til vitring.

### **Formannskapet - 020/2020**

#### **FS - behandling:**

Konstituert Helse- og omsorgsleiar Malin Daae Steine møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

#### **FS - vedtak:**

**Folkehelseoversikt for Masfjorden 2019-2022 blir tatt til vitring.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L12	20/259

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Reguleringsendring for Liarinden

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Notat Liarinden bussholdeplass_6.03.20	09.03.2020
16007_Liarinden_02_02.03.2020	09.03.2020
16007_Liarinden_02_28.01.2016-A3	09.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til endring av reguleringsplan vert sendt til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Ard arealplan har i bred dagsett 06.03.2020 kome med framlegg til reguleringsendring av mindre del av reguleringsplan for Liarinden.

Det vert vist til notat, sjå vedlegg, som skildrar endringa, som gjeld flytting av vestgåande busshaldeplass. Framlegg medfører at busshaldeplassane vert rett ovanfor kvarandre. Det vert vist til vedlagde kart vist som alternativ 2.. Statens Vegvesen har akseptert løysinga.

#### Vurdering

Omsøkt planendring er etter administrasjonen kurant, og det vert vist til at Statens Vegvesen har akseptert løysinga. Saka må på høyring etter reglane i plan- og bygningslova sin § 12-10.

#### Konklusjon

Omsøkt planendring vert tilrådd sendt på høyring.

## Formannskapet - 021/2020

### FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Framlegg til endring av reguleringsplan vert sendt til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gaute Fitje Sleire	FA-C50	14/140

Saknr	Utval	Type	Dato
022/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
	Kommunestyret	PS	

## Kommunedelplan for kulturminne i Masfjorden kommune 2019-2027

### Vedlegg:

**Journalposttittel**

Kulturminneplan for Masfjorden kommune (145767)

**Dato**

10.03.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til kommunedelplan for kulturminneplan i Masfjorden kommune 2019-2027 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova § 11-15.

### Saksopplysningar:

**Bakgrunn og fakta**

Kommunestyret vedtok den 13.12.2016 i sak 90/2016 – å starta opp arbeidet med ny kulturminneplan i medhald av plan- og bygningslova § 11-12. Føremålet med planen er å auke merksemda og interessa rundt kulturminna i Masfjorden, få ei betre forvaltning av kulturminna, og bidra til at kulturminna i større grad kan brukast og forvaltast som ein ressurs i kommunen. Saksframlegget vil bli sendt til kommunestyret på nytt når planen er ferdig for endeleg vedtak.

Planframlegget vart sendt på høyring den 21.08.2019 med høyringsfrist på 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova §11-14. Høyringsfristen for fylkeskommunen vart utsatt til 25.11.2019. Kommunen fekk innspel til arbeidet og tips til kulturminne som enno ikkje var blitt registrert i planen. Den 02.01.2020 begynte arbeidet vidare med kulturminneplanen og behandling av innspela.

Merknader frå fylkeskommunen var:

- Forslag til vedtak om å lage ein handlingsplan.

*Kommentar: Før høyringa var det ikkje laga ein handlingsplan, men det stod i planen at arbeidet med å lage ein handlingsplan vil kome i gong på eit seinare tidspunkt.*

- Kategorisere kulturminna og vurdere verneverdien

*Kommentar: Før høyringa var kulturminna meir tilfeldig representert. På dei fleste kulturminna var det satt ein verdi, men det var ingen forklaring på korleis ein kom fram til den verdien og kva verdien har å sei for kulturminna.*

- Kartfesta kulturminna i Askeladden

*Kommentar: Det er få kulturminne i Masfjorden som er registrert i Askeladden. Dette har fylkeskommunen gått med på å hjelpe oss med å registrere om nødvendig.*

- Følgje opp kulturminneplanen i ettertid.

*Kommentar: Det stod ikkje at me skulle følgje opp kulturminneplanen i ettertid, slik at me kan endre og leggja inn fleire kulturminne.*

- Ta med at det har vore ei tverrfagleg arbeidsgruppe for planarbeidet, og meir konkret informasjon om medverknad.

*Kommentar: Det stod ikkje kven som har jobba med planen og bruk av medverknad.*

Alle merknadane frå fylkeskommunen er tatt med i planen, mens registrering i Askeladden vil skje på eit seinare tidspunkt.

Det kom inn fylgjande merknadar frå andre:

- Brev frå Albert Kjetland, Marita Kjetland, Silje Vågset Kjetland og Åsmund Kjetland som kom med tre merknadar til planen den 14.10.2019:
- *Dei ynskja at reiskapssamlinga i Indre Haugsdal som omfattar om lag 100 reiskapar og bruksting frå arbeidslivet på ein gard i nær fortid burde vere med i planen. Det fins ikkje mange slike bygg igjen i Masfjorden, og den ligg lagleg til for alle interesserte og for å ta imot skuleelevar så dei kan lære litt om dagleglivet i «gamle» dagar.*
- *Dei ynskja i tillegg at setrane i Kjetlandskupa kjem med i kulturminneplanen. Det var i desse seterhusa at dei fyrste Bjørn West soldatane fann ly og husvære hausten 1944. Bilete frå Kupa er tatt med i alle Bjørn West-bøkene.*
- *Til sist ynskja dei at samling av eldre bruksting til Olav S. Trodal på bruk 1 i Trodal kjem med i planen.*

*Vår oppsummering: Det var skreve om reiskapssamlinga i Indre Haugsdal, men den var ikkje med i planen. No ligg den under kategorien tekniske og industrielle kulturminner.*

*Setrane i Kjetlandskupa er no med i planen. Historia om setrane kom frå Albert Kjetland, mens bileta er henta frå heftet «fjellprosjekter» av Ingvar Vik.*

*Til sist er det tatt med eit bilete av Trodalsamlinga i planen.*

- Brev frå Arne Høyland som den 14.10.2019 kom med fleire marknader til kulturminneplanen:
- *Han ynskjer at det skal etablerast ein digital kulturminneplattform, slik at informasjon om kulturminna er lett tilgjengeleg for alle.*
- *Eit kultur og- museumssenter i kvar skulekrins der ein dokumenterer ulike tema på kvar skule, som til saman omhandlar mangfaldet i kultur og natur i kommunen med ulike tema. Med å involvera elevar og studentar i dokumentasjon og utvikling av*

formidlingsprodukt, kan dei få styrka den lokale identiteten og eigarskapen til kulturminna.

- *Fartøyvern av båtar – båtane som er lagra på Kvingo og Totlandsdalen må bli godt passa på slik at dei ikkje tek skade av dårleg lagring. I Totlandsdalen kan det ryddast slik at ein får plass til nokre viktige båtar og båtdelar.*
- *Fleire kulturminner om miljø, bygningar og private samlingar: Trodalsamlinga, Reiskapssamlinga i Indre Haugsdal og reimskrivefabrikken på Andvik – den einaste i Nordhordland.*

*Vår oppsummering: I handlingsplanen er det no tatt med tiltak om å leggja inn kulturminne på heimesida til Masfjorden kommune.*

*I tillegg er det tatt med tiltak i handlingsplanen om å ha temadagar i samarbeid med biblioteka om ulike kulturminne.*

*Når det gjelder båtane på Kvingo og Totlandsdalen så har me besøkt og skreve litt om båtane i kulturminneplanen under kategorien sjøbruksmiljø, i håp om at det vil auke interessa for å ta vare på dei.*

*Som nemnt tidlegare har me tatt med bilete av Trodalsamlinga og skreve ein del om reiskapssamlinga i Indre Haugsdal. Reimskrivefabrikken er ikkje med i planen på grunn av dårleg forfatning, liten interesse frå eigarane og veldig dyrt å restaurere.*

- *Brev frå Jon Hope som kom med følgjande merknadar til kulturminneplanen den 7.10.2019:*
- *Innleiingsvis sa han at det bør rettast litt på ordfeil i planen, og viser spesielt til ordet «Notland».*
- *Han meinte at freistnaden på tamreinsdrifta kring 1840 og Masfjordgeitosten som hjalp mange i dei vanskelege 30 åra burde nemnast i planen.*
- *Det burde namnast at mange leigde seterar og beite i indre Masfjorden for å utnytte fjellbeita.*
- *Kulturhistorisk vegbok og Strilesoga er brukt som kjelde, derfor burde det stå i kjedelista.*
- *Til slutt skriv han at det burde nemnast fleire steterbuar og stølar, og at nokre av dei blei brukt av Bjørn West soldatane som gjer at ein har ein nyare historie å fortelja.*

*Vår oppsummering: Ordfeila er no retta opp i og Notland er skifta til Nørland fleire stader i teksten.*

*Tamreinsdrifta og Masfjordgeitosten er ikkje med i planen fordi det eigentleg ikkje er så viktig for Masfjorden si historie.*

*At mange leigde setrar og beite for å utnytte fjellbeita er tatt med under kategorien «stølsområde og seterbuar» i teksten om «Kjetlandskupa» som ligg i Indre Masfjorden.*

*Kulturhistorisk Vegbok og Strilesoga er tatt med i kjedelista.*

*I brevet om å nemne fleire seterbuar og stølar, så er Kjetlandskupa tatt med i planen. Den fortel*

også historia om Bjørn West soldatane.

Dei fleste merknadane frå innbyggjarane er tatt med i planen, eller har blitt vurdert.

### **Andre viktige endringar etter at planen var på drøfting:**

Den 05.02.2020 vart eit nytt utkast til kulturminneplanen sendt inn til fylkeskommunen for drøfting.

Den 12.02.2020 var det møte om kulturminneplanen med avdeling for kultur, idrett og inkludering. Fokuset var på handlingsplanen og kulturminneverdiane, men også andre delar av planen. Dei viktigaste merknadane var:

- At planen måtte ha med noko meir om retningslinjer for endring av kulturminne i dei ulike verneklassane.

*Kommentar: Det står no litt i planen om prosessen for å gjere endringar på kulturminna. Dess høigare verdi kulturminna har, dess meir omfattande er det å gjere endringar. Dette er for å sikra at kulturminna blir tatt vare på rett måte.*

- Ha færre og meir konkrete tiltak i handlingsdelen.

*Kommentar: Det var for mange «tiltak» som ein heller han seie var mål. Tiltaka er no erstatta med mindre og konkrete tiltak som faktisk kan gjennomførast eller som allereie blir gjennomført i dag.*

- Handlingsplanen bør rullerast årleg.

*Kommentar: Dette blei ikkje nemnd i planen, men det er for å gjere endringar og eventuelt leggja til fleire tiltak i ettertid.*

- Elles burde kommunen ordne på kategoriane, skrive litt om byggjeskikk og materialbruk og ha med litt meir om Masfjorden kommune si historie.

*Kommentar: Nokre av kategoriane er fjerna og erstatta med nye fordi dei passa betre ein anna plass. Dette gjer det lettare å leggja inn fleire kulturminne i ettertid.*

*I byggjeskikk og materealbruk står det no litt om tilhøvet mellom tre og stein som byggjemateriale, kvifor det var slik, samt om typiske bygningar for Masfjorden og korleis dei blei bygd. Dette fortel meir om Masfjorden si historie.*

Dei viktigaste merknadane er endra, mens resten har blitt vurdert eller blir endra på eit seinare tidspunkt.

### **Vurdering/konklusjon**

Det er viktig å nemne at det finns fleire kulturminne enn det som er nemnd i planen, men på grunn av liten tid eller liknande, så har det ikkje kome med fleire endå. Likevel har planen blitt betre og meir oversiktleg etter alle merknadane. Kulturminneplanen er no klar for politisk vedtak.



## **Formannskapet - 022/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) la fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt tilbake til arbeidsgruppa for vurdering av innspel sett fram i møtet før handsaming i kommunestyret.

Framlegg til vedtak får Haugsvær vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Saka vert sendt tilbake til arbeidsgruppa for vurdering av innspel før handsaming i kommunestyret.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/331

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Delegerte saker

### Tilknytte dokument:

001/2020. Melding om delegert vedtak - Søknad om serveringsløyve for Kritthuset AS

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Formannskapet - 023/2020

#### FS - behandling:

##### Delegerte saker:

- Melding om delegert vedtak - Søknad om serveringsløyve for Kritthuset AS

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/331

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Referatsak

### Tilknytte dokument:

1. ROBEK - Nye regler om statlig kontroll med kommuner med økonomisk ubalanse
2. Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17. februar 2020
3. Brev til kommunene 8. mai 2020
4. Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronautbrotet

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

## Saksopplysningar:

### Formannskapet - 024/2020

#### FS - behandling:

Kommunelege 1 Rolf Martin Tande og konstituert Helse- og omsorgsleiar Malin Daae Steine orienterte om status i Masfjorden når det gjeld Koronasituasjonen.

#### Referatsaker:

Skriv 1: ROBEK - Nye regler om statlig kontroll med kommuner med økonomisk ubalanse

Skriv 2: Protokoll Regionråd 1-2020, mandag 17.februar 2020

Skriv 3: Brev til kommunene 8.mai 2020

Skriv 4: Fordeling av ekstra skjønnsmidlar til kommunane i Vestland i samband med koronautbrotet

#### Orientering frå Ordførar

- Ordførar orienterte om at Masfjorden kommune v/kommunelegen vurderer å vedta forbod mot å opphalde seg på campingplassane i kommunen i påska viss det ikkje kjem eit

nasjonalt forbod. Formannskapet slutta seg samla til dette.

#### Orientering frå Rådmannen

- Det vert (kanskje) eit ekstra kommunestyremøte 7.april kl 13. Dette vert eit Teamsmøte. Det er planlagt ei sak til dette møte - Saldering av budsjett 2020.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	FA-L12, TI-&21	19/187

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020

## Endring av reguleringsplan for Librotet

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Planskildring reguleringsendring Librotet 126620190001_rev02012020	04.02.2020
Reguleringsendring Librotet	04.02.2020
Skredfarevurdering reg. plan Librotet hyttefelt, Masfjorden kommune	04.02.2020
Føresegner_ny_lov_02012020	04.02.2020

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Endring av reguleringsplan for Librotet vert sendt ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/fakta

Bjørnar Leif Vik har 04.02.2020 sendt over planforslag med plankart og reguleringsendring for hyttefeltet Librotet. Det vert vist til planskildring reguleringsendring Librotet hyttefelt, Stordalen, Masfjorden kommune dagsett desember 2019.

Formålet med endringa er å endre tomteplasseringar for å betre tomteplassering, samt mindre justering av tilkomstveg. Vidare skal planarbeidet oppdatere gjeldande reguleringsplan i høve til naturfare og naturmangfald.

Det er identifisert naturfare – fare for sørpeskred, der sju tomter er råka og det er føreskrive avbøtande tiltak. Tiltaka er sikra i føresegnene til planen. Det er ikkje registrert naturmangfaldsverdiar av ein slik karakter at det medfører endring i planframlegget, eller føreskrive avbøtande tiltak.

Gjeldande reguleringsplan var vedtatt og godkjent 27.mai 2010, med 41 hyttetomter. Nokre av tomtane er framleis ikkje seld. 3 av desse ligg i terreng med vanskeleg tilkomst, og vert teke ut av planen. Det er regulert inn 2 nye tomter, nummer 8 og 15.

Tilkomstveg som er opparbeidd, vart bygd med mindre avvik frå gjeldande reguleringsplan. I nytt planframlegg er vegen vist som bygd. Planframlegget inkluderer også stikkvegar frå tilkomstveg, som er bygde. I tillegg til BKK sin anleggsveg til lukehus, som også er bygd.

I 2012 godkjente Masfjorden kommune frådelling av 2 bebygde punktfestetomtar, som ikkje var vist i gjeldande reguleringsplan. Desse tomtane er vist på nytt planframlegg som nr. 43 og 44. Planframlegget inneheld då 43 tomtar.

Den viktigaste endringa i føresegnene er nr 4 «Føresegner tomter med naturfare» og nr 6 «Rekkjefølgjeføresegner». Viser til vedlegg i saka.

#### 4.Føresegner tomter med naturfare (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

##### 4.1 Fare for sørpeskred (§ 11-8 a) (H310\_1-7)

Før det vert gjeve rammeløyve skal det for tomtene 19, 20, 27, 29, 33, 34 og 41 etablerast større og meir veldefinerte løp og plastring av sidekantar slik at dette vil kunne lede sørpeskred til å halde seg meir i bekkeløpa. Hyttene som er for nær løpa skal dokumentere forsterka grunnmur/sidevegger for å kunne tåle sørpeskred. Tiltak må dimensjonerast og prosjekterast nærare og liggje føre i samband med søknad om igangsetjingsløyve.

#### 6. Rekkjefølgjeføresegner

Alle rekkjefølgjeføresegner som gjeld for planområdet (§ 12-7 nr. 10).

##### 6.2 Før rammeløyve (fritidsbustader 19, 20, 27, 29, 33, 34 og 41)

I samband med søknad om rammeløyve skal det liggja føre dokumentasjon på avbøtande tiltak mot naturfare – skredhendingar. Berørte tomtar er bebygde, slik at dette punkt gjeld tilbygg, utviding, og gjenoppbygging av eksisterande hytte.

#### **Vurdering**

Rådmannen meiner at planen kan gå på høyring i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10, slik at saka vert tilstrekkeleg opplyst før den går til 2. gangs handsaming i formannskapet.

#### **Konklusjon**

Endring av reguleringsplan for Librotet vert sendt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.

### **Formannskapet - 025/2020**

#### **FS - behandling:**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Endring av reguleringsplan for Librotet vert sendt ut til offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10.**



# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-T51	20/335

Saknr	Utval	Type	Dato
026/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
032/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020

## Gjeld etablering av veglysgroft langs fylkesveg 570 på Kvinge

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til politisk drøfting.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

I samband med vegutbetringa som no skjer fleire stadar langs fylkesveg 570 mellom Einestrاند til Kvamme, er det kome opp spørsmål frå folk på Kvinge, om det er mogeleg å få etablert veglysgroft sentralt på Kvinge frå brua og opp til avkjørsla til butikken. Både frå Statens Vegvesen og frå andre vert det understreka at det er lurt å ta dette no, om ein ønskjer å få veglys på denne staden. Alternativet med å måtta grave opp fylkesvegen seinare, når vegutbetringa er ferdig, vil auka kostnaden vesentleg og vera lite føremålsteneleg.

Om ein skal gjera dette arbeidet på enklaste måte, må både trekkrøyr, jordingskabel og fundament monterast no i samband med vegarbeidet, og då kan ein om det er ønskjeleg for å spara pengar i år velje å løyve midlar til trekking av el-kabel og montering av stolpar i ettertid.

Kostnaden med å etablere grøfta med trekkrøyr, jordingskabel, fundament (om lag 11stk), trekkerkummar, samt til prosjektering/utarbeiding av arbeidsteikningar (med detaljert plassering av fundament og grøftesnitt med vidare), vert av Statens Vegvesen estimert til ca krone 500.000,- eks mva. Ei ferdiggjering med kabling og stolpar med lysarmatur vert stipulert til ca 250.000,- eks mva. Nettoinvesteringa samla sett vil då koma på ca 750.000,- eks mva. Sidan veglysa gjeld langs ein fylkesveg er det usikkert om kommunen vil få meirverdiavgifta tilbake.

Statens Vegvesen har ikkje midlar til veglys på denne staden, og difor vert denne saka lagt fram til politisk handsaming for eventuell ekstraløyving.

### Vurdering

Før arbeidet kan starta opp må det prosjekterast og lagast byggjeteikningar med plassering av fundament og grøftesnitt. Dette må tingast så snart råd er, om det skal vera mogeleg å få dette gjort samstundes med sjølve vegarbeidet, som entreprenør planlegg å starta opp rundt 17. april.

Sidan Statens Vegvesen har gjeve melding om at dei ikkje har midlar til veglys på denne staden, og at om noko skal skje no, må kommunen sjølv ta ansvaret for å finna midlar. Av den grunn vert



denne saka no lagt fram til politisk handsaming for avklaring.

### **Konklusjon**

Rådmannen vil peike på at den økonomiske stoda til Masfjorden kommune er svært pressa, og at kommunen no må vera tilbakehalden med å ta på seg fleire investeringar. Saka vert difor lagt fram utan tilråding.

### **Formannskapet - 026/2020**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram forslag om å utsette saka.

Framlegg til vedtak frå Totland vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Saka vert utsett.**

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	Gbnr-52/46, FE-611	20/338

Saknr	Utval	Type	Dato
027/2020	Formannskapet	PS	31.03.2020
031/2020	Formannskapet	PS	27.04.2020

## Avtale om framtidig kjøp av næringsareal på Matre


### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til inngåtte opsjonsavtalar på gnr 52 bnr. 49 og gnr 52 bnr 46 på Matre. Naudsynte midlar vert sett av frå disposisjonsfondet.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

I samband med planarbeid og drøftingar med aktuell datalagringsbedrift på Matre kom det fram klare ønskjer frå bedrifta, at det var viktig for denne å forhalda seg berre til BKK og Masfjorden kommune med omsyn på framtidig bruk av næringsområdet. Sidan det er to mindre tomter i området, som er eigd av private, vart det naudsynt for kommunen å inngå avtale om eventuelt framtidig kjøp av deira eigedomar, som kan aktualiserast med ein gang ei datalagringsbedrift vel å etablere seg i dette næringsområdet. Nedunder er kart over næringsområdet vist, og dei to eigedomane saka gjeld er gnr 52 bnr 46 og gnr. 52 bnr 49. Begge eigedomane er like under 2 dekar kvar, og er vist med blå farge på to teigar på kartet som er vist nedunder:



For å framstå med truverde i konkurransen om å få etablert ei viktig datalagringsbedrift har difor

Masfjorden kommune v/ ordfører signert to opsjonsavtaler med dei to grunneigarane. Det vert betalt månadsleige for dei to eigedomane, som i 2020 til saman vil utgjera om lag 56.000,- kroner eks mva. Den eine opsjonen kan forlengast vidare i 2021, den andre er alt inngått for 2021.

### **Vurdering**

For å gjera næringsområdet på Matre interessant for ein stor aktør er det viktig for kommunen å visa eigarskap til eit samanhengande næringsareal, slik at kommunen kan framstå med tyngde og gjennomføringskraft i dei vidare prosessane med å få etablert eit større prosjekt i dette området. Avtalane måtte inngåast relativt hurtig, for at kommunen i eit viktig møte på Kokstad tidleg i mars, med sentrale aktørar til stades, kunne dokumentere at ein hadde kontroll på samanhengande areal i næringsområdet. Utarbeidde skisser i samband med arbeidet med ny reguleringsplan for området, viste og at vegar og tomtestrukturen måtte endrast inne på området, for at det skal verta attraktivt å utvikla det vidare for den aktuell datalagringsbedrifta.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at formannskapet sluttar seg til inngåtte opsjonsavtaler, og at det vert sett av naudsynte midlar over disposisjonsfondet.

## **Formannskapet - 027/2020**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram framlegg å om å utsette saka.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Saka vert utsett.**

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 13.02.20 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordfører